

Å R S M E L D I N G

*«Teatret Vårt»*

1 9 9 9

## **INNHALD**

Teatret Vårt 1999	side 3
Styret si årsmelding	side 4
Generalforsamling	side 4
Resultatrekneskap	side 6
Balanse pr. 31.12.99	side 7
Notar	side 8
Revisjonsmelding	side 10
Repertoar	side 11
Statistikk	side 14
Amatørteaterdrifta	side 15
Personalet på Teatret Vårt	side 17

## TEATRET VÅRT 1999

Ved årsskiftet 1999/2000 var heile leiinga ved Teatret Vårt skifta ut. Eit nytt styre blei oppnemnt 22.12.1999 og teatersjefen byrja i stillinga 1.1.2000. Verken styre eller teatersjef er derfor ansvarlege for verksemda i 1999. Det blir likevel den nye leiinga si oppgåve å leggje fram årsmelding og rekneskap. Sidan ein ikkje har vore involvert i prosessen, har ein heller ikkje føresetnad for å evaluere dei kunstnarlege resultatane. Denne årsmeldinga vil derfor i stor grad vere reint refererande.

Året 1999 var eit uroleg år for teatret. Konfliktar ved teatret førte til at styret og teatersjef, Edvard Hoem, 9. juni forhandla fram ein avtale som innebar at teatersjefen skulle slutte ved årsskiftet, og at prosjektet "Den fyrste song" skulle gjennomførast som planlagt. På dette tidspunktet var også den finansielle situasjonen svært alvorleg. Eit arbeid med å sanere gjeld og starte ein økonomisk snuoperasjonen blei innleidd av styret og den nyttilsette administrasjonssjefen (frå 25.6.99). Samstundes blei stillinga som teatersjef lyst ut. Ny teatersjef blei tilsett i styremøte 6.10.99. I samband med den økonomiske snuoperasjonen var teatret sine eigarar villige til å teikne ny aksjekapital. Det blei vidare klart at eigarane og staten ved Kulturdepartementet ønskte eit nytt styre for selskapet, og det blei derfor kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 22.12.99.

Til grunn for drifta ved teatret i 1999 har lege ei særleg satsing på Shakespeare-framføringar, kyrkjespel, musikkdramatikk og ny norsk dramatikk. Dette grunnlaget finn ein att i ymse plandokument m.a. "Teaterhjulet går" og budsjettframlegga dei siste åra. Denne satsinga er fylgt opp i repertoaret.

### Publikumstal for 1999

Talet på originalproduksjonar (kafeteater og gjestespel ikkje medrekna):	5
Talet på framsyningar:	218
Totalt publikumstal:	20 271
Billettinntekter:	1.703.577,-

### Kunstnerisk aktivitet

Sesongens første produksjon var "Kjøpmannen i Venezia" av William Shakespeare. Teatret hadde engasjert Egil Monn-Iversen til å skrive musikk til teateroperaen der Edvard Hoem hadde omsett teksten. Regien var ved Ronald Rørvik frå Den Norske Opera. Premieren blei lagt til Parken Kulturhus i Ålesund 19. mars under den årlege teaterfestivalen. Randolph Walderhaug hadde rolla som Shylock og Ingeborg Hungnes spela Portia. Den planlagte turneen blei utsett og framsyningane blei omarbeidd. Totalt såg 4201 personar dei 19 framsyningane.

8. juli hadde teatret premiere på nok eit Shakespeare-stykke. Denne gongen "Richard III" der Sven Nordin hadde tittelrolla. Framsyningane var ein del av programmet til Molde Internasjonale Jazzfestival og blei framført 8 gonger i Reknesparken. Hilda Hellwig hadde regien. "Richard III" blei sett av 2010 personar.

Teatret Vårt har lang tradisjon med å sette opp ny norsk dramatikk. Den 27. oktober var det urpremiere på Stig Amdams stykke "Hundredagar". Premieren blei lagt til teaterhuset. Bjørn Jenseng og Gøril Haukebø spela ekteparet i forteljinga frå Nordvestlandet. Bendik Østbye Johannessen hadde rolla som sonen. Odd Chr. Hagen avslutta sitt engasjement på teatret som instruktør med denne produksjonen. "Hundredagar" var ei av teatrets framsyningar på turneen med kulturbåten Innvik og turnerte i fylket. På dei 13 framsyningane såg 528 personar stykket.



Kjøpmannen i Venezia: Ingeborg Hungnes og Trond Teigen

"Den fyrste song" av Edvard Hoem var teatrets markering av tusenårsskiftet. Premieren var lagt til Vågøy kyrkje den 31. oktober. Prosjektet engasjerte mange lokale aktørar. Noko av musikken var nyskriven, eit arbeid Sigvald Tveit hadde ansvaret for. Daniel Bohr hadde regien. Ane Dahl Torp og Christian Greger hadde sentrale roller i framsyninga som gjennomførte ein av teatrets mest omfattande turnear. Alle dei 38 kommunane i fylket fekk i 1999 og 2000 besøk av "Den fyrste song" I tillegg gjesta framsyninga Lesja kommune. På dei 28 framsyningane i 1999 var det 2694 tilskodarar.

Familie-musikalen "Prinsen og pryleguten" av Torvald Sund og Knut Anders Vestad var på nytt sett opp ved teatret. Framsyninga som hadde premiere 4. desember 1998 var på turne både i januar og november/desember i forbindelse med Kultur-nista, fylkeskommunens formidlingstilbod til skulane i fylket. 6846 personar såg dei 42 framsyningane i 1999.

Teatret hadde dessutan 23 kafeteater-arrangement for 1096 menneske. I samarbeid med Kultur-nista i Møre og Romsdal fylkeskommune dreiv skodespelarar frå Teatret Vårt oppsøkjande verksemd på ungdomsskolane i fylket. I serien Boka mi vart det gjeve 85 slike framsyningar for 2896 elevar.



Den fyrste song: Thomas Ruud

## STYRET SI ÅRSMELDING

### Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### Generalforsamling

Generalforsamling vart halden i AS Regionteatret i Møre og Romsdal i 3.etg., Forum-bygget, Molde, 26. mai 1999.

Rekneskapen og årsmelding vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde som styremedlemmer.

### Ekstraordinær generalforsamling

AS Regionteatret i Møre og Romsdal, skriftleg møte, utsendt 4. juni, med svarfrist 7. juni.

Gunnar Hals vart utnemnt som styreprer-sentant frå staten.

### Ekstraordinær generalforsamling

vart halde i AS Regionteatret i Møre og Romsdal, 3. etg., Forum-bygget, Molde, 22. desember 1999.

- Endringar av vedtektene blei samrøystes vedteke.
- Utviding av aksjekapitalen med kr. 500.000.- vart samrøystes vedteke.
- Generalforsamlinga tok til etterretning kven som vart oppnemnde til styremedlemmer.
- Elen Lein vart valt til leiar.
- Per Kåre Trengereid vart valt som nestleiar.
- Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal v/statsautorisert revisor Sigmund Harneshaug vart samrøystes valt som ny revisor.

### Styret

Styret hadde i 1999 tolv styremøte og handsama i alt 62 saker. Fram til 26. mai hadde styret følgjande samansetjing:

Som representantar frå staten:  
Helge Linge (leiar) med Per Øverbø som



vara, Johan Bengtsson, frå 7.6.99: Gunnar Hals, med Harald Grytten som vara, Jarle Sanden med Sissel Andersen som vara, Bjørg Riksfjord med Per Helge Malvik som vara, Catherine Ingebrigtsen med Sadhona Mathiassen som vara, Gunvor Krogsæter med Tine Kjær som vara.

Som representant for Møre og Romsdal fylkeskommune: Per Arne Skomsø (nestleiar) med Ingrid Løset som vara.

Som representant for Molde kommune: Grete Eikebu med Ann Helene Skare som vara.

Som representant for Dei frilynde ungdomslaga i Møre og Romsdal sat Bjørn Ølander med Heidi Løkingholm som vara.

Som representant for dei tilsette: Gøril Haukebø med Randolph Walderhaug som vara, for dei kunstneriske tilsette. Gerd G. Austnes med Mary Farstad som vara, sat som representant for dei andre tilsette.

Frå 26. mai var desse representantar for dei tilsette: Randolph Walderhaug med Gøril Haukebø som vara, for dei kunstneriske tilsette. Gerd G. Austnes med Rolf-Inge Pedersen som vara, sat som representant for dei andre tilsette.

I styremøte 1. desember 1999 stilte styret plassane sine til disposisjon, og på ekstraordinær generalforsamling 22. desember fekk styret følgjande samansetjing:

Som representantar for staten:

Elen Lein	leiar
Gunnar Hals	styremedlem
Arild Hervik	styremedlem
Heidi Løkingholm	styremedlem
Alf Kristian Lillebo	1.varamedlem
Liv Stette	2.varamedlem

Som representant for Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik	styremedlem
Aud Folkestad	varamedlem

Som representant for Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	styremedlem
Lars Oltedal	varamedlem

Frå dei tilsette:

Vivi Sunde	styremedlem
------------	-------------

Finn Landsperg observatør/varamedlem

Styret er såleis redusert frå elleve til sju medlemmar.

## Arbeidsmiljø og organisasjon

1999 har vore prega av konflikt og skifte av leiing. Dette har vore uheldig for arbeidsmiljøet ved institusjonen. I samband med den økonomiske snuoperasjonen har ein starta ein omfattande gjennomgang av organisasjonen ved teatret med tanke på å optimalisere drifta og hente ut moglege rasjonaliseringsgevinstar.

Det totale sjukefråværet i 1999 har vore i underkant av eit årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker.

Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

## Økonomien i selskapet

Det offentlege tilskotet til Teatret Vårt var i 1999 på kr. 15.121.000,-, fordelt på tilskot frå staten på kr. 10.585.000,-, tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune med kr. 2.268.000,- og tilskot frå Molde kommune med kr. 2.268.000,-.

Ved inngangen til 1999 hadde teatret eit samla underskot på kr. 725.652,-. Ved utgangen av 1999 hadde teatret eit samla underskot på kr. 3.570.890,-. Langsiktig gjeld ved utgangen av 1999 var kr 574.646,-.

Eigenkapitalen er negativ, og den økonomiske situasjonen er alvorleg. Hovudårsaka til det svake resultatet i 1999 er høge produksjonskostnader og svikt i billetinntektene. I tillegg vil styret peike på at lønskostnadene har vore for høge. Det har vore for mange deltidstilsette ved institusjonen i rekneskapsåret.

Med bakgrunn i at selskapet har fått tilsegn om faste tilskot også i 2000, vil drifta halde fram. Likviditeten er særns vanskeleg.

Teatret har i 1999 utvida aksjekapitalen med kr. 500.000,-. Det er framleis same eigarar, og aksjefordelinga mellom eigarane er uendra. I tillegg til dette er det gjennomført ei frivillig gjeldssanering på kr. 367.355,-. Det nåverande styret legg til grunn at ein skal rette opp den økonomiske situasjonen i løpet av tre år. Dette vil ein oppnå ved å følgje ein streng budsjettplan i åra framover. Årets underskot på kr 2.845.239,- blir ført i balansen for å dekkjast inn dei neste tre åra. Det nye styret har i samråd med eigarane og Kulturdepartementet tatt opp lån for å oppnå akseptabel likviditet.

# RESULTATREKNESKAP

	1999	Opphavleg budsjett 1999	1998	1997
<b>I DRIFTSINNETEKTER</b>				
1. Billett og programsalg, note 1	1719322	3105000	2366417	1358642
2. Andre inntekter, note 2	904767	695000	1043480	597011
3. Driftstilskot	15536908	15508400	14627000	14035120
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>18160997</b>	<b>19308400</b>	<b>18036897</b>	<b>15990773</b>
<b>II DRIFTSKOSTNADER</b>				
1. Kost. arbeidskraft, note 3, 4, 5	13860409	13164100	11980760	10248175
2. Materialkostnader	548865	535000	480669	356335
3. Salgs- og info.kostn.	563152	550500	829992	578368
4. Andre driftskostn.	2555275	1723000	2129125	2130571
5. Lokaler	1676206	1786000	1649522	1507392
6. Kostn. turne/opps. virksomhet	1570941	981000	654710	755816
7. Vedlikehold/ombygn. kost	4836	50000	0	1561
8. Utstyrskostnader	6627	51000	34507	67319
9. Avskrivningar	268600	230000	233692	263300
<b>Sum driftskostn.</b>	<b>21054911</b>	<b>19070600</b>	<b>17992977</b>	<b>15908837</b>
<b>III Driftsresultat</b>	<b>-2893914</b>	<b>237800</b>	<b>43919</b>	<b>81936</b>
<b>IV Finansinntekter og kostn.</b>				
1. Finansinntekter	22692	20000	32155	56266
2. Finanskostnader	161372	150000	-111741	-111075
Resultat av finansielle poster	-138680	-130000	-79587	-54809
<b>V Resultat før EOP</b>	<b>-3032594</b>	<b>107800</b>		
<b>VI Ekstraordinære poster</b>				
1. Ekstraordinære inntekter, note 6	367355	0		
2. Ekstraordinære kostnader, note 7	180000	0		
Resultat av ekstraord. poster	187355			
<b>VII Resultat</b>	<b>-2845239</b>	<b>107800</b>	<b>-35668</b>	<b>27127</b>
<b>Underskot til framføring</b>	<b>-2845239</b>			

## BALANSE pr 31. 12.99:

	1999	1998	1997
Kasse, bank	-2316700	401645	227889
Debitorar	725741	99051	60396
Andre kortsiktige fordringer	21539	915784	81941
Depositum, leigebuarinnskot	25403	23250	23250
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>	<b>-1544017</b>	<b>1439730</b>	<b>393476</b>
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
Aksjar Reknesparken Sommerteater, note 8	115000	115000	
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	10000	10000	10000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3000	3000	3000
Depositum	5500		
Leigebuarinnskot Skrenten	65400	65400	65400
Bygningsmessige innreiinger, note 9	1421957	1334625	1523654
KLP	57777		
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>1678634</b>	<b>1528025</b>	<b>1602054</b>
<b>SUM OMLØPSMIDLAR OG ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>134617</b>	<b>2967754</b>	<b>1995530</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Kassakreditt		1614159	
Påkomne feriepengar/arb.gj.avg. og andre trekk	921519	872849	586652
Skyldig offentlege avgifter	720781	536108	647165
Kreditorer	467440		
Anna kortsiktig gjeld	512502		
Div kreditorer		45644	286263
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>2622248</b>	<b>3068760</b>	<b>1520080</b>
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Lån Fokus bank	333260	574646	1115435
Avantor sponsoravtale	200000		
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>	<b>533260</b>	<b>574646</b>	<b>1115435</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Aksjekapital, note 10	550000	50000	50000
Årets underskudd	-3570891	-727752	-689985
Årets overskudd			
<b>SUM EIGEKAPITAL</b>	<b>-3570890</b>	<b>-675652</b>	<b>-639985</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>134617</b>	<b>2967754</b>	<b>1995530</b>



## NOTAR

### NOTE 1: BILLETTINNEKTER/ PROGRAMSAL

Prinsen og pryleguten	465.018	
Kaféteater	225.413	
Kjøpmannen i Venezia	360.530	4 089,50
Richard III	233.837	11 655,00
Den fyrste song	353.704	
Hundredagar	65.075	
<b>Totalt</b>	<b>1.703.577</b>	<b>15.745</b>

### NOTE 2 : ANDRE TILSKOT

Kr. 235.507,- frå Norsk Kulturråd (aspirantstilling)  
Kr. 180.000,- frå Kulturdepartementet (urpremierestønad; kr. 60.000,- til "Prinsen og Pryleguten", kr. 60.000,- til "Hundredagar" og kr. 60.000,- til "Den fyrste song").

### NOTE 3: GODTGJERSLE

For perioden 01.01.99 til 31.12.99 er det utbetalt

honorar til styret med kr. 78.726,-.

Løn til teatersjef kr. 392.303,-.

Forfatterhonorar til teatersjef kr. 368.008,-.

Avgående teatersjef fekk i januar 2000 utbetalt sluttvederlag kr. 365.800,-, jfr. avtale inngått med det tidlegare styret. Dette beløpet er utgiftsført i 1999.

Revisor har motteke følgjande godtgjersle for ordinær revisjon kr. 22 000,- og kr. 8.000,- i konsulent honorar.

Edvard Hoem var teatersjef fram til 31.12.1999.

Carl Morten Amundsen er tilsett som teatersjef frå 01.01.2000.

### NOTE 4: LØNSKOSTNADER

Lønnskostnader fordeler seg slik i 1999:

Lønningar	11.120.155
Arbeidsgivaravgift	1.355.199
Pensjonskostnader	563.807
Andre ytingar	821.326

Gjennomsnittleg tal på fast tilsette i 1999 var 21.

### NOTE 5: PENSJONSKOSTNADER

Teatret har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning. Pensjonsansvaret til selskapet er dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Ytingane går fram av tariffavtalen i kommunal sektor, og dei tilfredsstiller kriteria for den såkalla "multi-employer plan". I tråd med internasjonal praksis er den rekneskapsførte årlege pensjonskostnaden for 1999 lik påløpt pensjonspremie.

I tillegg til den tariffesta tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon for aldersgruppene frå 62- 64 år. Disse ytingane har partane i kommunal sektor sett på som midlertidige. Av den grunn er dei heller ikkje tekne med i tenestepensjonsordninga, men vert dekt inn på pay-as-you-go-basis gjennom ei utlikningsordning. Alle arbeidsgivarane innanfor same arbeidsgivarorganisasjon betaler same tilskot i prosent av pensjonsgrunnlaget. Framtidige utgifter i samband med desse ytingane er vanskelege å fastsetje. Desse utgiftene var for 1999 0,7% av pensjonsgrunnlaget.

### NOTE 6: EKSTRAORDINÆRE INNEKTER

Ekstraordinære inntekter kr. 367.355,- er frivillig gjeldssanering gjennomført i 1999.

### NOTE 7: EKSTRAORDINÆRE UTGIFTER

Kr 180.000,- utgjer avskrivning på fordring til Reknesparken Sommerteater AS

### NOTE 8: AKSJAR OG ANDELAR

Reknesparken Sommerteater AS

Aksjekapital kr. 540.000,-

AS Regionteatret i Møre og Romsdal sine aksjar i selskapet utgjer:

Antall aksjer		115
Pålydande verdi	kr.	1000
Oppført i balansen	kr.	115.000



**NOTE 9: DRIFTSMIDLAR**

Anleggskostnader 01.01.99	3 083 717
+ tilgang i året	355 932
Anleggskostnader 31.12.99	3 439 649
Tidlegare avskrivningar	- 1 749 092
<b>Årets avskrivning</b>	<b>- 268 600</b>
<b>Bokført verdi 31.12.99</b>	<b>1 421 957</b>

**NOTE 10: AKSJAR OG  
AKSJONÆRAR**

Selskapet sin aksjekapital er på kr.  
550.000,- fordelt på 275 aksjar a kr. 2.000.-

Aksjonærar er:

Møre og Romsdal fylkeskommune,  
132 aksjar;  
Molde kommune, 132 aksjar;  
Noregs ungdomslag, Møre og Romsdal,  
11 aksjar

Molde, den 8.5.00

*Elen Lein*

Elen Lein  
styreleiar

*Per Kåre Trengereid*  
Per Kåre Trengereid  
nestleiar

*Ottar Brage Guttelvik*  
Ottar Brage Guttelvik

*Heidi Løklingholm*  
Heidi Løklingholm

*Gunnar Hals*  
Gunnar Hals

*Arild Hervik*  
Arild Hervik

*Vivi Sunde*  
Vivi Sunde

*Carl Morten Amundsen*  
Carl Morten Amundsen  
teatersjef

SIGMUND HARNESHAUG  
Statsautorisert revisor  
Revisornummer 962517951

Til generalforsamlinga i A/S Regionteatret i Møre og Romsdal

Deres referanse: Vår referanse: Arkivkode: Sted/dato  
Sigmund Harneshaug 3-1/99 Molde 8. mai 2000

REVISJONSMELDING 1999


Eg har revidert årsrekneskapen for A/S Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 1999 som syner eit årsunderskot på 2.845.239,-. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til dekking av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret i selskapet og teatersjefen. Mi oppgave er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Eg meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 1999 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til dekking av underskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Offentlege tilskot er etter mi meining nytta i samsvar med Stortingets føresetnader. Uten at det har betydning for konklusjonen i avsnittet over, vil eg presisere at selskapet sin eigenkapital er negativ, og at tiltak foreslått av styret for å rette opp den økonomiske situasjonen vil krevje ei streng økonomistyring og løpande budsjettoppfølging dei komande åra. Likviditeten i selskapet er svært vanskeleg.

  
Sigmund Harneshaug  
statsautorisert revisor

ARØRAKET 11 • 6400 MOLDE  
TLF: 71 21 19 42(PRIVAT) • TLF: 71 21 94 47 (JOBBS)

## REPERTOAR 1999

### Prinsen og pryleguten

av Torvald Sund (tekst) og Knut Anders Vestad (musikk)

Songtekstar: Idar Lind

Regi: Sigve Bøe

Omarbeiding: Edvard Hoem

Scenografi: Liv Anne Øveraas

Lyssetting: Finn Landsperg

Kostyme: Åshild Mjåseth og

Gerd G. Austnes

Rekvisitør: Bergliot Rørvik

Sufflør: Vigdis Marcellussen

Teknikarar: Mathias Hammerø, Bergliot

Rørvik, Knut Karlberg og Rolf-Inge

Pedersen

Medverkande:

Lars Funderud Johannessen

Bendik Østbye Johannessen

Anna Guttormsgaard


Randolf Walderhaug

Gøril Haukebø

Vivi Sunde

Framsyningar: 42

Urpremiere: 4. desember 1998 i Molde



*Prinsen og pryleguten: Lars Funderud Johannessen*

### Kjøpmannen i Venezia

Teateropera etter William Shakespeare  
av Egil Monn-Iversen og Edvard Hoem

Regi: Ronald Rørvik

Regiassistent/koreograf: Toni Herlofson

Omarbeiding for utescene: Odd Christian Hagen

Scenograf: Arne Nøst

Kostymedesign: Anne Gotaas

Lyssetting: Finn Landsperg

Maskør: Kati Sjøgren

Lydteknikar: Frode Hermansen (Molde Forum)

Kapellmeistrar: Erling With Aasgård og Christine Goedecke

Musikarar: Øyvind Engen, Karin

Seppola/Svein Olav Sandvik og Lindsay

Winfield-Chislett

Inspisient: Bjørn Kalvatvik

Rekvisitør/scenemeister: Bergliot Rørvik

Teknikar/scenemeister: Mathias Hammerø

Teknikarar: Leif Rosvoll, Arnt Skipnes og

Pål Ødegård

Systove: Åshild Mjåseth og Gerd G.

Austnes

Medverkande:

Randolf Walderhaug

Ingeborg Hungnes

Trond Teigen

Bendik Østbye Johannessen

Anna Guttormsgaard

Lars Funderud Johannessen

Johanna Zwaig

Bjørn André Widvey

Framsyningar: 19

Urpremiere: 19. mars 1999 i Parken

Kulturhus, Ålesund



*Kjøpmannen i Venezia: Ingeborg Hungnes, Bjørn André Widvey og Johanna Zwaig*

## Richard III


Av William Shakespeare

Regi: Hilda Hellwig  
Gjendiktning: Edvard Hoem  
Scenograf: Arne Nøst  
Kostymedesign: Milja Salovaara  
Maskør: Kati Sjøgren  
Inspisient: Bjørn Kalvatvik/Finn Landsperg  
Regiassistent: Natalie Ringler  
Rekvisitør/scenemeister: Bergliot Rørvik  
Teknikar/scenemeister: Mathias Hammerø  
Teknikarar: Leif Rosvoll og Arnt Skipnes  
Lydteknikar: Pål Ødegård  
Lydassistent: Natalie Ringler  
Systove: Åshild Mjåseth og Gerd G. Austnes

Medverkande:  
Sven Nordin  
Bjørn Jenseg  
Randolf Walderhaug  
Liv Steen  
Lars Funderud Johannessen  
Gøril Haukebø  
Vivi Sunde  
Anna Guttormsgaard  
Jan Hårstad  
Kalle Øby




*Richard III: Sven Nordin og Liv Steen*



*Richard III: Sven Nordin*

Bendik Østbye Johannessen  
Christian Greger  
Rune Temte  
Johanna Zwaig  
Lasse Bergan-Skar  
Heine Lossius

Framsyningar: 8  
Premiere: 8. juli 1999 i Reknesparken  
Sommerteater, Molde



*Hundedagar: Bendik Østbye Johannessen og Bjørn Jenseg*

## Hundedagar

Av Stig Amdam  
Regi: Odd Christian Hagen  
Scenografi: Arne Nøst  
Lyssetting: Finn Landsperg  
Musikk: Lars Riiser Kristiansen  
Musikarar: Isak Anderssen og Morten Kristiansen  
Sufflør: Mona Mathisen  
Rekvisitør: Bergliot Rørvik  
Dekorasjon: Leif Rosvoll og Mathias Hammerø  
Sceneteknikarar: Knut Karlberg og Rolf-Inge Pedersen  
Medverkande:  
Gøril Haukebø  
Bjørn Jenseg  
Bendik Østbye Johannessen

Framsyningar: 13  
Urpremiere: 27. oktober 1999 i Teaterhuset Forum



## Boka mi

Litterært program for skoler

Med:

Vivi Sunde

Randolf Walderhaug

Anna Guttormsgaard

Lars Funderud Johannessen

Framsyningar: 85

Premiere 19. oktober 1999

## Den fyrste song

Eller: Evas pilegrimsferd

Eit mysteriespel av Edvard Hoem

Musikk: Sigvald Tveit

Regi og bearbeiding: Daniel Bohr

Musikalsk ansvarleg: Sigvald Tveit

Scenografi: Arne Nøst

Koreografi: Johanna Zwaig

Kostymegjenbruk og -design: Åshild

Mjåseth og Gerd G. Austnes

Lokalinstruktør: Eldrid Karin Larsen

Inspisient: Bjørn Kalvatsvik

Dekorasjon: Leif Rosvoll og Mathias

Hammerø

Scenemeistrar: Bergliot Rørvik og Mathias

Hammerø

Lys: Sture Haugen og Finn Landsperg

Lydteknikar: Frode Hermansen (Molde

Forum)

Prosjektlear: Mette Mjelve

Medverkande:

Ane Dahl Torp

Christian Greger

Thomas Ruud

Ingeborg Hungnes

Johanna Zwaig



Den fyrste song: Christian Greger og Ane Dahl Torp

Orkester:

Christine Goedecke/Erling With Aasgård

Lars Sitter/Stian Rødskjær Hansen

Tor Yttredal/Bjørn Ole Solberg

Framsyningar: 28

Urpremiere: 31. oktober 1999 i Vågøy

kyrkje

## Kafeteater og andre arrangement

23. jan. Love minus zero, dikt og dans ved Johanna Zwaig

6. feb. Fyret, - et portrett av fyrvoktarparet Pind og Roda

20. feb. Alexander Kielland, 150 årsminnenet for hans fødsel ved Vivi Sunde

27. feb. Du og Eg, - ved Ingeborg Hungnes og Trond Teigen

16. mars Love Minus Zero, dikt og dans ved Johanna Zwaig

17. april Det skapende rom, program ved Gunnar Danbolt, i samarbeid med Molde Kirkeakademi

24. april Mens vi ventar på Kjøpmannen ved Olla Rypdal, Randi Fiksdal og Edvard Hoem

8. mai Brødre til sol og til frihet, program med teatrets skodespelarar og Fuglset Mannskor

11. mai Love Minus Zero

29. mai Richard III, konge for enhver pris ved Sven Nordin, Hilda Hellwig og Edvard Hoem

12. juni Richard III, konge for enhver pris

17. juni Brødre til sol og til frihet

18. juni Brødre til sol og til frihet

7. aug. Et vennskap, program om Bjørnson og Kielland under Bjørnsonfestivalen av Jan Inge Sørbo ved Jan Hårstad og Christian Greger

8. aug. Et vennskap

4. sept. Vals i Valparasio, songar av Evert Taube ved Hagen og Hagen

30. sept. Først på ballen, i samarbeid med Teatergruppa Kjærlighetens Slaver

1. okt. Først på ballen

2. okt. Først på ballen

2. okt. Love Minus Zero

2. okt. Bassbegjær, program ved Bendik Ø. Johannessen og Espen Holtan

23. okt. Fengslende, program i samarbeid med Amnesty Internasjonal

30. okt. Vår verden i min vev, i samarbeid med Molde Kirkeakademi

## STATISTIKK 1999

Produksjon	Tal på framsyningar	Publikum
Prinsen og pryleguten	42	6 846
Kjøpmannen i Venezia	19	4 201
Richard III	8	2 010
Hundredagar	13	528
Boka mi	85	2 896
Den fyrste song	28	2 694
Kafe og andre arr.	23	1 096
<b>Sum</b>	<b>218</b>	<b>20 271</b>

### Framsyningar og billettinntekter

Publikum	20271
Framsyningar	218
Billettinntekter	1.703.577
Gj.snitt inntekt pr.bill.	84,04

### Framsyningar og billettinntekter

Annonsar framsyningar	236.000
Reklame/plakatar/foto	222.000
Program	20.000
Anna	85.000
<b>Totalt</b>	<b>563.000</b>

### Personalutgifter (inkl. sos. utg.)

Teatersjef/administr.	1.489.000
Sals- og info-personale	904.000
Skodespelarar	3.813.000
Teknisk avdeling	1.965.000
Systove	409.000
Amatørteateravdeling	402.000
Sufflør	22.000
Andre	4.856.000
<b>Totalt</b>	<b>13.865.000</b>

### Fast tilsett personale

Teatersjef/administr./ marknad	7
Skodespelarar	6
Teknisk personale	8
Amatørteateravdeling	1
<b>Totalt fast tilsette</b>	<b>22</b>
Utgjer 21 heile stillingar	

### Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 105 personar på deltid i løpet av året.

### Totale driftsinntekter og driftsutgifter

Eigne inntekter	2.624.088
= prosent av totale driftsutgifter	12,46

### Tilskot

Staten	10.585.000
Fylkeskommunen	2.268.200
Molde kommune	2.268.200
Andre tilskott	415.507
<b>Samla tilskot</b>	<b>15.536.907</b>

### Framsyningar og billettsal for barn og ungdom

Produksjon	Tal på framsyningar	Publikum
Kjøpmannen i Venezia	6	1 690
Prinsen og pryleguten	42	6 846
Boka mi	85	2 896
<b>Sum</b>	<b>133</b>	<b>11 432</b>

### 10 på topp 1992 - 1999

1. Victoria	1993	56	13 399
2. Brødrene Løvehjerte	1994/95	81	12 963
3. No skin det sol	1995/96	74	9 802
4. Å temme trollet	1998	23	8 648
5. Prinsen og pryleguten	1998/99	57	8 408
6. Romeo og Julie	1997	47	7 559
7. Jesu siste dagar	1998	29	7 203
8. Mirad, ein gutt frå Bosnia	1995/96	68	6 688
9. Lasso rundt fru Luna	1996	51	6 385
10. Peer Gynt	1993	54	6 179

## AMATØRTEATERDRIFTA

I 1999 vart det lagt vekt på å gi ulik profesjonell hjelp til amatørane i fylket:

- Instruksjon
- Konsulenthjelp
- Utlån av utstyr som teatret disponerer
- Framsyninga "Den fyrste song"

Frå april og ut -99, var amatørteaterleiar pålagt å arbeide med framsyninga "Den fyrste song" og som sufflør for framsyninga "Richard III".

Instruksjon til laga måtte derfor leggjast til perioden 1. januar til 31. mars.

### "Den fyrste song"

I tusenårsframsyninga "Den fyrste song" var det lagt opp til eit omfattande samarbeid med lokale krefter, først og fremst teateramatørar, kor og kyrkjemedarbeidarar.

I samband med "Den fyrste song" vart det invitert til møte med dei lokale deltakarane i Teaterhuset Forum, Molde 28. mai, 97 framømøtte, og i Vågøy kyrkje, 23. oktober, 350 framømøtte.

I 1999 var det framsyningar i 25 kommunar, 24 i Møre og Romsdal og 1 i Lesja, Oppland fylke. I kvar kommune deltok 4 lokale aktørar/amatørar og lokale kor.

Amatørteaterleiar reiste i forkant ut til kvar kommune og øvde med dei lokale aktørane, og var til stades i kvar framsyning for å hjelpe aktørane.

Tilsaman 100 lokale aktørar og ca. 625 kor-songarar var med i framsyninga "Den fyrste song" i d.å.

## TEATRET VÅRT OG HJELP TIL LAGA

Etterspurnaden om instruktørhjelpe og kurs frå laga var større enn det ein kunne imøtekomme.

I tillegg til amatørteaterleiar Eldrid Karin Larsen, har desse hatt oppdrag frå avdelinga med instruksjon, kurs o.a. i laga: Odd Christian Hagen, Krister A. Mentzoni og Endre Skar.

### LAG – ORGANISASJONAR – SKOLAR – KOMMUNAR SOM FEKK INSTRUKSJON /KURS FRÅ TEATRET VÅRT I 1999:

Eira UL, Eresfjord	Instruksjon	Revy
Halsa Historielag	Instruksjon	Revy
Molde Ungdomsteater	Instruksjon	"Jorden rund på 80 dager"
Poppeloppeteatret, Molde	Lyssetting	
Rauma Folkehøgskole, Molde	Dramakurs	
Rauma kommune, Åndalsnes	Dramakurs	Ungdommens kultur- mønstring
Svarrabærje Teater, Surnadal	Instruksjon	Revy
Vatne UL	Instruksjon	Revy
Vestnes Teaterlag	Instruksjon	Revy

## UTLÅN

Utlån	1995	1996	1997	1998	1999
Teknisk	40	30	30	40	20
Kostymer	65	40	50	70	50
Manus	95	110	125	130	105
Manus(tal)	255	250	240	260	225

## FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA:

Kurs	1995	1996	1997	1998	1999
	3	8	0	4	0



## PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT

### Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett
Vivi Sunde	fast tilsett
Gøril Haukebø	fast tilsett
Ane Dahl Torp	frå 15.09.99 –
Ingeborg Hungnes	frå 01.01.99 – 30.04. og frå 13.09 –
Liv Steen	frå 01.05.99 – 31.07.99
Jan Hårstad	frå 01.05.99 – 31.07.99
Bjørn A. Widvey	frå 15.01.99 – 01.06.99
Trond Teigen	frå 15.01.99 – 01.06.99
Aina Andreassen	frå 15.01.99 – 01.06.99
Bjørn Jensen	frå 15.04.99 – 30.11.99
Kalle Øby	frå 01.05.99 – 31.07.99
Thomas Ruud	frå 01.10.99 –
Anna Eline Guttormsgaard	frå 01.01.99 –
Bendik Østby Johannessen	frå 01.01.99 – 30.11.99
Lars Funderud Johannessen	frå 01.01.99 –
Rune Temte	frå 01.05.99 – 31.07.99
Christian Greger Strøm	frå 09.05.99 –
Sven Nordin	frå 01.05.99 – 31.07.99
Johanna Sàmundsen Zwaig	frå 01.01.99 –

### Teknisk personale:

Bjørn Kalvatsvik	inspisient/produsent
Mathias Hammerø	verkstad
Leif Rosvoll	verkstad
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Finn Landsperg	lysmester
Åshild Mjåseth	leiar systue
Gerd G. Austnes	systue
Odd Chr. Hagen	frå 19.01.99 – 19.07.99
	Opplæringsstilling/produsent

### Administrasjon:

Edvard Hoem	teatersjef
Halvard Fiksdal	adm.sjef til 24.6.99/produsent
Reidar Høidal	adm.sjef frå 25.6.99
Borghild Rosvoll	rådgiver
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar
Rolf Inge Pedersen	info.konsulent
Mette Mjelve	marknadsleiar
Mary Farstad	adm.konsulent
Evy Johannessen	adm.sekretær
Oddbjørg Heggdal	bill.sekretær (deltid)

Totalt faste/deltidstilsette: 127

